
Statleg erstatning til personar utsett for vald og overgrep



KONTORET FOR
VOLDSOFFERERESTATNING



Innhald

- 04** Kva er valdsoffererstatning?
- 05** Kva typar handlingar kan eg få erstatning for?
- 06** Kva må eg gjera for å få erstatning?
- 08** Kva kan eg få erstatning for?
- 12** Rådgevingskontora for kriminalitetsutsette
- 15** Andre spørsmål
- 19** Kor kan eg få meir informasjon?

For straffbare handlingar som fann stad etter 1. juli 2001 gjeld lov om erstatning fra staten ved personskade voldt ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningsloven, lov nr. 13/2001). Voldsoffererstatningsloven vart endra med verknad frå 1. januar 2008, 2009 og 2011. Avhengig av når du vart utsett for ei straffbar handling, kan dette få betydning for kva reglar som vil gjelde i din sak. For straffbare handlingar som fann stad frå 1975 til lova si ikraftsetjing 1. juli 2001 gjeld valdsofferforskriften med overgangsreglar, jf lova sin § 19.

Valdsoffererstatning

Har du vorte skada etter ei straffbar handling – overfall, slått ned, utsett for seksuelle overgrep eller på annan måte lidd ein skade – kan du ha rett til valdsoffererstatning. Born som har opplevd vald mot sine nærstående kan ha rett til erstatning. Dersom valdsofferet døy, kan etterlatne ha rett til erstatning.

Det er Kontoret for valdsoffererstatning som hand-samar søknadane om valdsoffererstatning.

“Har du vorte skada etter ei straffbar handling kan du ha rett til valdsoffererstatning”

Denne brosjyren gjev deg informasjon om valds-offererstatning, kva du kan få erstatning for, korleis du søkje valdsoffererstatning og informasjon om Råd-gjevingskontora for kriminalitetsutsette. Du finn meir informasjon på vår nettside valdsoffererstatning.no



Kva typar handlingar kan eg få erstatning for?

Du kan få erstatning for alle personskadar, både fysiske og psykiske, som du er vorte påført etter ei straffbar handling. Med personskade meiner ein alle skadar på deg som person, også skadar som fyrst visar seg seinare, til dømes langtidsskade etter ei hjerneristing eller psykiske skadar.

For å få erstatning må det vera klar sannsynsovervekt for at det har skjedd ei straffbar handling. Det må gjerast sannsynleg at skaden som det vert søkt om faktisk skyldast den straffbare handlinga. Normalt vil søknaden om valdsoffererstatning fyrst verta handsama etter at straffesaka er avgjort. Du kan tilkjenast erstatning sjølv om straffesaka er bortlagt.

Ved drap kan dei etterlatne få erstatning. Born kan og ha rett til erstatning om dei har opplevd vald mot nærstående.

“Du kan få erstatning for alle personskadar, både fysiske og psykiske”


Kva må eg gjera for å få erstatning?

Ynskjer du å søkje om valdsoffererstatning, må forholdet fyrst meldast til politiet. Når du meldar forholdet vil du få spørsmål frå politiet om du ynskjer å fremma eit krav om erstatning i samband med straffesaka. Svaret må du stadfeste.

Søknad om valdsoffererstatning må sendast til Kontoret for valdsoffererstatning. Det kostar ikkje noko å søkje. Utgifter du har i samband med å fremme søknaden, til dømes å hente inn journalar, må du som utgangspunkt dekkje sjølv. Einskilde utgifter kan likevel dekkjast om du får samtykkje i din søknad.

“Ynskjer du å søkje om valdsoffererstatning må forholdet fyrst meldast til politiet”

Søknadsskjema finn du på vår nettside voldsoffererstatning.no, hjå politiet og Rådgjevingskontora for kriminalitetsutsette.



Kva kan eg få erstatning for?

Du kan få erstatning for økonomisk tap, varige og betydelege skadar (meinerstatning), oppreisning og erstatning til etterlatne ved drap eller dødsfall etter ei straffbar handling. Ordninga med valdsoffererstatning frå staten er subsidiær til andre dekningshøve. Det vil sei at du fyrst må søkje om å få dekkja ditt tap gjennom dine forsikringar og andre offentlege ytingar.

Erstatning for økonomisk tap

Gjennom valdsoffererstatninga kan du få dekkja utgifter og økonomisk tap som fylje av valdshandlinga. Dette omfattar:

- Utgifter til medisinsk behandling, eigandel og medisinar, samt reiseutgifter i samband med behandlinga
- Utgifter til behandling av tannskadar. Før det vert tilkjent erstatning til behandling av tenner, må det klargjerast om og eventuelt kor mykje av behandlinga ein vil vera rettkomen til gjennom HELFO (Helseøkonomiforvaltninga)

“Du kan få dekkja utgifter og økonomisk tap som fylje av valdshandlinga.”

- Erstatning for øydelagde klede og andre personlege bruksting som du hadde på deg når den straffbare handlinga vart valda.
- Lidt og framtidig inntektstap som fylje av skaden.

Du må gjera sannsynleg dine tap og dokumentera dine utgifter. Det betyr at du bør leggje ved dokumentasjon for dei tap du krev erstatta. Dette kan vera kostnadsberekning, kvitteringar frå lege og tannlege, kvitteringar for klede og andre bruksgjenstandar. For inntektstap kan erklæring frå arbeidsgjevar om inntektstap, kopi av sjølvmelding eller likningsoppgjør gjera ditt tap sannsynleg. Våre rådgjevingskontor kan hjelpe deg med dette arbeidet.

“Du må gjera sannsynleg dine tap og dokumentera dine utgifter”



“Oppreisning er ein eingongsum som vert utbetalt for smerte, ubehag og skade av ikkje-økonomisk art”

Meinerstatning ved varig og betydeleg skade

Har du fått ein varig og betydeleg skade som fylje av valdsepisoden, kan du få meinerstatning. Kravet er at ein spesialist konkluderar med at du har fått minst 15 % medisinsk invaliditet som vil vare ved i minst 10 år.

Det kan ta tid før ein kan sei om skaden kjem til å gi varige mein. Hovudregelen er at det må gå minst 2 år frå skadetidspunktet. I slike tilfeller kan det søkjast om meinerstatning på eit seinare tidspunkt.

Oppreisning

Oppreisning er eingongsum som vert utbetalt for smerte, ubehag og skade av ikkje-økonomisk art. Erstatningsnivået på oppreisninga byggjer på forvaltnings- og rettspraksis.

Erstatning til etterlatne

Etterlatne etter nokon som mistar livet som fylje av ei straffbar handling kan ha rett til valdsoffererstatning. Valdsoffererstatning for tap av forsyntar kan gjevast til personar som den avlidne heilt eller delvis forsynta.

Utgifter til gravferd og andre utgifter i samband med dødsfallet kan dekkjast. Det kan gjevast oppreisning til avlidne sin ektefelle, sambuar, born, foreldre og i einsskilde tilfeller sysken.

Etterlatne med personskade kan ha krav på å få dekkja sitt økonomiske tap, slik som behandlingsutgifter og inntektstap.

“Etterlatne etter nokon som mistar livet som fylje av ei straffbar handling, kan ha rett til valds-offererstatning”



Rådgjevingskontora for kriminalitetsutsette

Rådgjevingskontora for kriminalitetsutsette er eit offentleg landsdekkjande tilbod til alle som har vore utsett for vald og andre kriminelle handlingar.

Rådgjevarane har lang røynsle i å hjelpe til med søknadar om valdsoffererstatning. Dei kan hjelpe deg i å koma vidare i livet ditt etter at du har vorte utsett for kriminalitet. Hjå rådgjevingskontora får du informasjon om kva rett du har og kva andre hjelpe-tilbod som eksisterar, samt at dei kan hjelpe deg med å søkje erstatning. Pårørande og andre vedkommande kan og ta kontakt.

“Rådgjevarane kan hjelpe til med søknad om valds-offererstatning”

Rådgjevarane gjev og stønad til vitne både før, under og etter rettsaker. Du kan kontakta rådgjevingskontora anonymt om du ynskjer det.

Du kan ringe 815 20 077 eller gå inn på nettsida voldsoffererstatning.no for å finna nærmaste rådgjevingskontor. Politiet kan og gje meir informasjon om denne tenesta.





Andre spørsmål

Kor mykje kan eg få i erstatning?

Om skaden har skjedd i 2011 eller seinare kan du ta i mot inntil 60 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G) på vedtakstidspunktet. Grunnbeløpet vert justert med verknad frå 1. mai kvart år. I særskilde tilfeller kan det gjevast ytterlegare erstatning dersom det er naudsynt for å oppretthalde ein alminneleg god levestandard.

For skadar før 2011 er det andre grenser for maksimal erstatning.

“Grunnbeløpet vert justert med verknad frå 1. mai kvart år”

Skadedato	Maksimal erstatning
1975–1993	kr 150.000
1994–30. juni 2001	kr 200 000
1. juli 2001–2008	20 G på skadetidspunktet
2009–2010	40 G på skadetidspunktet
2011 og seinare	60 G på vedtakstidspunktet

Kan eg få erstatning for skadar i utlandet?

Du kan i visse tilfeller få erstatning for straffbare handlingar som har skjedd i utlandet. Rådgjevingskontora kan i einstilte tilfeller hjelpe til med å søkje erstatning frå tilsvarende ordningar i andre land.

Sakshandsaming

All sakshandsaming er skriftleg. Normalt vert det ikkje fatta vedtak om erstatning før straffesaka er avgjort. Sjølv om straffesaka er bortlagd, kan du likevel få erstatning. Kontoret for valdsoffererstatning gjer ein sjølvstendig vurdering av prova i saka.

Informasjon til skadevaldar

Skadevaldar vert ikkje rekna som part i sak om erstatning til valdsføre. Kontoret for valdsoffererstatning avgjer om utbetalt valdsoffererstatning skal krevjast attende frå skadevaldar. I så tilfelle vil skadevaldar vera part i regressaken, og har då rett til innsyn i relevante dokument frå erstatningssaka.

“Sjølv om straffesaka er bortlagd, kan du likevel få erstatning”

Forelding

Som hovudregel er det ein sivil foreldingsfrist på tre år etter valdshandlinga. Kravet vil ikkje vera forelda før det straffbare forholdet er forelda etter straffelova.

Medverknad

Dersom du sjølv har medverka til at skaden oppstod, kan erstatninga verta redusert eller bortfalla heilt.

Kva prov vert krevja?

For å få valdsoffererstatning må det vera ein klar sannsynsovervekt for at det har skjedd ei straffbar handling.

“Dersom du har medverka til at skaden oppstod, kan erstatninga verta redusert eller bortfalla heilt”



Kor kan eg få meir informasjon?

Informasjonen i denne brosjyren er ikkje utfyllande. For meir informasjon, sjå våre nettsider på voldsoffererstatning.no, eller ta kontakt med vårt servicetorg.

Du kan også kontakte oss for hjelp i samband med søknad om valdsoffererstatning.

Nett: voldsoffererstatning.no
E-post: post@voldsoffererstatning.no

Telefon: 78 98 95 00

Postadresse:
Kontoret for valdsoffererstatning
Postboks 253
9951 Vardø

“Ta kontakt for meir informasjon eller hjelp i samband med søknad om valdsoffererstatning”

Kontoret for voldsoffererstatning

Nett: voldsoffererstatning.no

E-post: post@voldsoffererstatning.no

Telefon: 78 98 95 00

Postadresse:

Kontoret for voldsoffererstatning

Postboks 253

9951 Vardø

Rådgjevingskontora for kriminalitetsutsette

Landsdekkjande teneste for råd og veiledning til kriminalitetsutsette samt hjelp til utfylling av søknad om voldsoffererstatning.

Nett: voldsoffererstatning.no

E-post: post@voldsoffererstatning.no

Telefon: 815 20 077



KONTORET FOR
VOLDSOFFERERSTATNING